



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 02.01.2013
Vår ref.: 2012/10895
Arkivnr.: 008

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyringsfråsegn om forslag til endringar i opplæringslova og privatskolelova - spesialundervisning og psykososialt miljø

Fylkesmannen i Rogaland viser til høyringsnotatet og har slike merknader:

Til kap 3 Forslag om å erstatte halvårsrapport med ein årleg rapport

Etter Fylkesmannen si vurdering er det ikkje tilrådeleg at skolane berre skal utarbeide skriftleg oversikt over opplæringa til eleven ein gong pr. skoleår. Tilsyn og klagesaker viser at mange skolar ikkje gjer godt nok arbeid i evalueringa av den individuelle opplæringsplanen. Det er ikkje sannsynleg at kvaliteten på evalueringa vil bli betre om ein berre skal vurdere opplæringa ein gong i året. Eit ønske om å redusere rapporteringsbyrden i skolen må ikkje ta frå eleven og foreldra konkret informasjon om korleis utviklinga for eleven er.

Departementet skriv i si vurdering:

”I stortingsmeldingen Læring og felleskap pekes det på at utarbeiding av halvårsrapport fremstår som dobbeltarbeid fordi opplæringa allerede skal beskrives i elevens IOP. Videre vises det til at alle elever, inkludert elever med spesialundervisning, også skal vurderes etter bestemmelsene om individuell vurdering i forskrift til opplæringsloven kapittel 3.”

Som departementet skriv, ligg det allereie til rette for ei vurdering av eleven sin kompetanse i dei generelle reglane for individuell vurdering etter kapittel tre i forskriftene til opplæringslova. Dette inneber likevel ikkje ei evaluering av om organiseringa og gjennomføringa av spesialundervisninga er formålstenleg for eleven si utvikling.

Halvårsrapporten er i denne samanhengen eit viktig verktøy for rektor. Rektor treng ein slik formell rapport for å kunne disponere ressursane til skolen best mogleg. Spesialpedagogiske tiltak må kunne endrast undervegs i skoleåret dersom dei ikkje er tenlege, og halvårsrapporten kan gi grunnlag for å endre vedtak om spesialundervisning når evalueringa viser at dette er nødvendig.

Fylkesmannen har fått innspel både frå føresette til elevar med spesialundervisning, frå rektorar og tilsette i PP-tenesta som er urolege for ei slik endring i lova som her er foreslått. Fylkesmannen i Rogaland meiner at lova ikkje bør endrast på dette punktet.

I staden for å fjerne halvårsrapporten, bør det heller fokuserast på kompetanseheving for lærarane om innhaldet og funksjonen til halvårsrapportane. I dag er det mange lærarar som hovudsakleg beskriv dei ulike tiltaka som er gjennomførte. Dei gir i liten grad ei konkret vurdering av eleven si måloppnåing i høve til læringsmåla i den individuelle opplæringsplanen, slik at dette kan gi grunnlag for ev endringar i opplæringstilbodet. Etter vårt syn ville meir konkrete og presise halvårsrapportar både gi skolen eit betre verktøy i opplæringa av eleven, og eit betre grunnlag for ev endringar i tilbodet.

Til kap 4 Samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan

Fylkesmannen i Rogaland er positiv til denne lovendringa. Vi er også samde i departementet sine argument for at skolen ikkje skal ha ansvar for utarbeiding av individuell plan eller ha koordineringsansvaret for slik plan.

Vi vil elles peike på at det konkrete lovforslaget er skrive på bokmål. Fylkesmannen reknar med at dette blir endra, slik at også denne regelen får same målform som resten av opplæringslova.

Til kap 5 Erstatningsføresegn med delt bevisbyrde i opplæringslova kapittel 9A

Fylkesmannen i Rogaland støttar framlegget, men vi vil peike på at det er viktig å avklare Fylkesmannen si forvaltningsmessige rolle i samband med regelen. Når eit krav blir framlagt med heimel i opplæringslova, vil kommunen/fylkeskommunen svare på kravet i form av eit enkeltvedtak. Normalt er Fylkesmannen klageinstans ved enkeltvedtak med heimel i opplæringslova. Dersom Fylkesmannen blir klageinstans i erstatningsspørsmål, må det utarbeidast retningsliner og sørgjast for kompetanseheving på området.

Vi nemner her at Utdanningsdirektoratet tidlegare har presisert at Fylkesmannen ikkje skal gjere konkrete vurderingar om skuldspørsmålet i straffesaker etter § 9a-7 etter oppmoding frå påtalemakta, jf. brev datert 26.01.2012.

Også her er elles det konkrete lovforslaget skrive på bokmål. Fylkesmannen reknar med at dette blir endra, slik at også denne regelen får same målform som resten av opplæringslova.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Monica Mannes
rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Monica Mannes
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 38
E-post: monica.mannes@fmro.no